

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: S. og Fj.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Jølster.

Emne:

Bygdelag: Vestre Jølster.

Oppskr. av: Eirik Hjelmbrække

Gard: Målteig

(adresse): Vassenden J.

G.nr. 59 Br.nr. 18

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Berre eit og anna av eigi røynsle.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
 Johs. Ospehaug 80 år, Årset i Jølster, bonde har vore,  
 Elias Svidal 80 år, bonde h.v. Kristine Hjelmbrække, husmor 75 år

## SVAR

1

Før i tidi gjekk folk svært sjeldan til dokter. Ein svull eller eit sår måtte sjå stygt ut um dei skulde gå til dokteren med det. Ein mann hadde fått ei stygg tå, ho hadde frose. Han stelte med henne ei stund, men det hjelpte ikkje. So gjekk han til stabben med henne og hogg av den vonde tåi. No går dei til dokter ofte i utrengsmål. Før grov dei veiter med spade, eit hardt arbeid. Utriveleg var det au, skitsamt når dei grov i vass-full myrjord. Og dei sleit mykje når dei ~~brant~~ <sup>brant</sup> ut ~~jær~~ steinfull jord og hadde berre jarnstaur og våg å hjelpa seg med. Slikt vilde dei ikkje gjera i dag. Dei kjem meir i hug helsa no enn før.

2

Det har vore vanskeleg å få greidt svar på dette. Einebær togg dei ofte på, kva som no var grunnen. Eit år-kring 50 år sidan- vart eit par born sjuke av difteri i ein krins. <sup>Ein</sup> ~~far~~ <sup>borni sine</sup> ~~dei~~ <sup>fa</sup> deira letv ~~dei~~ kamfer, som dei skulde bera på seg dagstøtt.

3.

Få hadde ferdiglaga medisiner i <sup>i</sup> lggjande. Svært mange hadde god tru på nafta. Sume hadde ei flaske med brennevin ståande. Både ein og hin kunde fortelja <sup>at</sup> brennevinet hadde berga livet deira. Utan brennevin hadde dei frose i hel den og den gongen. Mange samla plantar på fyresumaren



og hengde dei upp i eldhuset eller i tåbburet. So tok dei av dei når einkva<sup>m</sup> trong medisin.

Svært mange hadde peparmynte i brennevinet. Eineberøl bruka dei mot forkjøle<sup>l</sup>se, ~~xxxxxx~~ Blomen og noko av stylken av ølkongegraset koka dei, tok det so upp og koka graut av vatnet. Grauten la dei på svullar. Mot forkjølelse bruka dei ølost. Dei blanda øl og mjølk og sette det på omnen. Når ølet vart heitt, brast mjølki. Det var ølost. Svullar lækte dei med ein ~~gxxx~~ graut-til umslag som dei kalla kjølegrautskake. Ho var laga av sur rjome, havremjøl og tjøre. Dei koka ikkje denne grauten. Vassgraut laga dei av havremjøl og vatn. Den grauten koka dei og la på svullen i ein klut.

Brandsår - Når skinnethudi- var heil, gnika de<sup>i</sup> den brandskadde flekken med fingrane, eller dei la ein kniv, ofte ein jongje, på den skadde flekken. Stundom la dei rå potetskivor på, eller rått flekk. Når det emna seg til ein svull, so det var ein pose (hovna), kalla dei det rós.

Ei skulegjente fekk eit sår som ikkje grodde. Ho låg nokre vekor på sjukehus i Bergen, men kom heimatt med ope sår. Far hennar laga då medisin. Han blanda sur rjome, heggjesave og tjøre, koka det til han såg ~~til han såg~~ feittet i rjomen skilde seg or rjomen. So la ~~han~~ han det på såret. Då tok det til å gro, og det tok ikkje so lang tid før ho var god att.

Heggjeborkloge var brukta på sår, og fresmegras, gustegras og lækjingsblad. Dei samla plantane fyre jonsok, <sup>til</sup> og bar i hus so mykje at dei hadde nok/neste sumar. Lækjingsblad kalla sume groblad. Flismegraset og gustegraset koka dei, og vaska seg med logen når dei hadde utslett. Utslett kalla dei ofte allvelde. Stundom laga dei seg log av sju slag ved når dei skulde verta kvitt den plaga, koka veden og vaska seg med logen. Villhegge måtte dei ha med.

*Stonskjøl vart lagd på sår*

I utmarki låg ein noko stor stein som dei kalla allveldesteinen ( sume sa arvelde i staden for allvelde) Steinen låg og ligg her i bygdi. Ein mann reiv mose av steinen og bar han heim til seg. Når han var ute i det ærendet gjekk han med svarte vottar og bar med seg ein svart klut. Han reiv mosen med vottane på og bar han heim i den svarte kluten og koka han. Når han reiv mosen og med han koka han, måtte han ikkje segja noko. Det har ikkje vore råd å få greide på kva logen skulde brukast til.

Blodforgift lækte dei med vassgraut, laga av sur mjølk og havremjøl og la det på kaldt. Grauten var ikkje kokt.

Mot lus og skabb bruka dei kviksølvpulver blanda med smølt. Mot frost og brandsår bruka dei stundom smale-talg-sterd talg, talg dei hadde saksa i saksebrya og koka. Den storkna talgi togg dei sund (det dei skulde bruka til medisin), la henne på ein klut og bruka det til umslag på ein lem som var skadd av frost eller kulde.

Mot gikt bruka dei lampolje.

## 3.

Det var ikkje mange som hadde ferdige medisnar ståande.

Nafta fanst i mange hus, og ei brennevinsflaske, terpentin og rigabalsam. Sume blanda salt og terpentin, men det var medisin åt kyrne når dei la seg vekke.

## 4.

Trur snaudt det hadde noko å segja kor stor gard dei hadde, med medisinlageret. Plassmannskona hadde ofte like god greide på sjukdomar og medisin som kona på ein gard. Tru um givnaden vog mest ?

## 5.

Folk gjekk nok til jordmori av og til, men ho hadde svært lite lager, berre av dei slagi ho sjølv hadde bruk for i yrket, t.d. lysol. Presten kunde folk samråda seg ~~og~~ når sjukdom gjesta heimen, men han hadde lite eller inkje



4  
medisin å lata folk få.

6.

Tjøre bruka sume i kjølegrautskaka, og når borni eller andre i huset hadde fått gnagsår av skorne, smurde dei tjøre på såret. Tjøre bruka dei til sår på dyr. Furekov var visst lite bruka til medisin. Ingen av dei eg har spurt, veit um at det har vore gjort.

7.

"Treak" er framandt for dei eg har tala med.

8

"Dyvelsdrekk" er au framandt her. Ein mann sa han kjende til det, men eg fekk ikkje greide på kva det var laga av. Dei surde det på makkanexxx når dei-folket-fiska aure um sumrane.

10.

Dei som hadde namn til medisinlager, hadde det ståande i kistor eller skåp. Flytande varor stod i glas. Mesteparten av medisinen var vel laga av plantar. Sumarstidi hadde dei tilfanet<sup>9</sup> utfor stovedøri eller vintersbel i stabburet. Medisinlageret var visseleg lite på dei fleste gardane.

9

Det var nok kvinnfolkarbeid-for det meste-å samla emne til medisin

11.

Ymse ting kjøpte dei på apoteket, t.d. nafta, kviksylvpulver, kamferdroppra, borvatn og blyvatn.

12

Det hende sjeldan eller aldri at utanbygds karar for ikring od selde medisin. Folket skreiv til næraste apoteket etter slikt de trong um av medisin. Næraste apoteket var i Flora.

13.

Ein og annan hadde lækjobøker. Slike bøker kalla dei dokter-bøker. Eg spurde etter ei på ein gard som eg visste dei hadde havt, men ho var vekk-komi, og folket på garden hugsa ikkje at boki nokon gong hadde vore i huset. *Men lærdomen um medisin var nok forbald av gamle til unge.*

## Bygdelækjarar.

## A.Lækjarane.

16.

Korkje menn eller kvinner dreiv "rasjonell lækjarverksemd", men ein og annan visste ~~ix~~. meir enn andre um sjukdom og lækjeråder.

17.

Ein som hadde fått godt ord på seg for hjelp til sjuke, åtte berre ein liten gard,,so det talde ikkje anten garden var stor eller liten og ikkje um setti var kjend eller ukjend.

18.

Nei,ikkje det eg veit um hadde nokon i setti drive med lækjingsarbeid tidlegare,ikkje meir enn vanleg.

19.

Eg veit um berre ein mann her ikring som hjelpte sjuke menneske betre enn andre,og han tok ikkje til med arbeid før han var fullvaksen.

20.

Ingen i setti hadde drive med lækjingsarbeid.

21.

Det var nok ein medfødd givnad,men givnaden synte seg ikkje før dei vart vaksne og fekk huslyd.

22.

Den mannen som er nemnd ovanfor,og~~sum~~ som hjelpte mange, hadde ein dårleg fot.Då han vart vaksen,kjøpte han dokterbøker og las og las,og det var dette som var årsak til at han nådde so langt som han gjorde.

23.

Nei,ingen her ikring nådde so langt at det vart til levebrød for dei.Dei gav råd og hjekp når folk kom til dei.

24.

Ei gjente,kring 12 år gamal,skulde lyfte ei gryte av ommen.Gryta var full med heitt vatn.Det gjekk gale.Halda gleid ut or det eine gryøyra,og ho fekk alt vatnet



mot seg, frå beltestaden og radt ned til skorne. På låri og leggene vart det i eitt sår og blære i blære. Gå til han Lars unde Hoja, sa ein mann til far åt gjenta. Han Lars unde Hoja var den mannen som er nemnd ovanfor, og som var so dugande til å lækja folk, serleg når det var svullar og sår. Faren gjorde so, og han Lars lova å hjelpa. Han gjekk tvo gonger um daeren til gjenta, kring 8 km kvar veg. Skyss vilde han ha, far til gjenta skulde ikkje hefte seg med skysskøyting. Gjenta kom seg, og so slutta han Lars å vitja henne. Nei han skulde ikkje ha noko for arbeidet. Han hadde ikkje lov å taka imot godtgjersle, men vilde mannen gjeva noko, so fekk han avgjera kor mykje det skulde vera. Han skulde 100 kr. Nei på ingen måte vilde han ha so mykje. Han var meir enn velnøgd med halvparten.

25

Ingen her i bygdi som hjelpte sjuke, hadde samarbeid med bygdelækjarane.

26.

Eg vei ikkje av at nokon lasta dei som gav råd og/eller medisin til dei som var sjuke.

27.

Dei dreiv ikkje so stort at lækjarane umaka seg med å ha dei for retten.

28.

Han Lars unde Hoja, som er nemnd ovanfor, døydde kring 1900. Enkja etter han, segjer det låg att ei dokterbok etter han, men ho kan ikkje finna henne. Enkja tykkjest hugsa at boki hadde namnet "Medisin".

22

B. Lækjeråd og lækjekurar. 29.

Viser til svar på spursmål 3. Lauv av bjørk og hegg var mykje nytta og laga log av det. Men sume blad la dei på "rå", soleis lækjingsblad, heggeblad og bjørkeblad. Den blad-sida som vender upp, kalla dei "grosida, og den sida som

vende ned, kalla dei "dragsida", av di ho drog ut det som måtte ut før såret grodde. Stundom la dei meir enn eitt blad på. "Dragjet" vart sterkare då. Ymse ting kjøpte dei, soleis sirup, som var godt på sår, og kreolin og lysol, som godt mot blodforgift. Slike ting slapp dei laga til. Plantar samla dei um sumaren, helst føre jonsok. Og folk var hjelpsame med kvarandre og gav til dei som trong medisin og ikkje hadde noko på lager. Lars unde hoja (Lars Sandal) kjøpte ymse medisin på apoteket, og blanda ymse slag, men ingen veit kva han blanda.

30.

Plantar samla dei sjølve.

31.

Plantane hengde dei i eit uthus.

32.

Plantar var det nok få eller ingen som kjøpte, berre slikt som dei hadde tru på og som ikkje fanst andre stader enn på apoteket, t.d. rigabalsam, kreolin, perikom, lysol, brennevin og nafta.

33.

Har ikkje høyrte gjete at dei hadde <sup>sers</sup>hjelperåder til å blanda medisinen med

34.

Lars unde hoja hadde truleg oppskrifter frå dokterbøkene han las, men elles fekk nok dei fleste munnleg opplæring.

35.

Eg veit um berre ein stad dei hadde ei kjelde som xxx hadde ei kjelde med lækjande vatn. Ein gut på grannegard hadde fått utbrot på kroppen. Kona på den garden som hadde helsekjelda, sa ho skulde gjera han god att. Ho tok vatn or kjelda upp i eit kjerald og gjekk i smidja med og bles med smiebelgjen i vatnet. Guten tykte kona mulla noko med ho bles. So vaska ho guten og sa han skulde verta kvitt utbrotet- noko han au vart. Det var ikkje so mange



som viste um dette lækjevatnet, men kona kom stundom sjølvbedi til grannane når ho hørde det var eitkvart som feila. Eg veit ikkje um ho bruka vatnet til anna enn å vaska med, vaska kroppen med.

36.

Kona hadde ikkje vatn ståande inni huset.

37.

Det var mykje godt ålment at folk bruka brennevin til medisin, brennevin og nafta. Sume slepte blomen på hermannsgras ned i brennevinet. Det skulde vera godt på sår-brennevinet. Lars unde hoja (Lars Sandal) var ein dugande mann til å lækja sår.

Dei eg har tala med, har ikkje havt anna namn enn brennevin.

38.

Sjå svaret på spursmål 37.

39.

På ein auksjon etter ein gamal mann var selt eit jarn som dei skulde "taka blod" med. So hadde han vel drive med det arbeidet. Mannen stogga elles blod med kniv og ord.

40.

Ingen veit å fortelja korleis dei <sup>hadde</sup> fått tak reidskapane.

41.

Nei, eg veit ikkje um nokon som hadde sjølv laga verkty.

42.

Årelating var det nok sume som dreiv med, men dokter-namn bar dei ikkje.

43.

Til årelating bruka dei eit jarn, eller iglar.

44.

Det har ikkje vore råd å få litande svar på dette spursmålet. Ordet har gått at det fanst iglar i ymse tjørnar og fjellvatn, og sette dei folk ei jarnstong ned i vatnet, saug iglane seg faste i stongi og fylgde med upp på turre landet. Jarnet sume hadde, men anten dei hadde arbeidd



Jarnet sjølve, eller det var ein annan smed, er uvisst.

45.

Har ikkje råka på nokon som kunde svara på spursmålet.

46.

Lars Sandal var dugande til å lækja sår. Han gav nok råd og hjelp for andre sjukdomar au, men dei har kome meir i skuggen. Det var for sårlekjing han var kjend.

47.

Dei som hadde medisin i heimen sin, gøymde han i skåp.

48.

Lars Sandal vart henta til sume sjuke, og han laga medisin, men han var snaudt kalla bygdedokter. Dei andre folk har fortalt meg um, gav råd, og so måtte folket åt den sjuke laga medisinen.

C. Lækjebøker.

49.

Lars Sandal las i dokterbøker.

50.

Ingen kan svara på kvar bøkene var prenta, av dei er vekk-komme.

51.

Har ikkje høyrte gjete nokon som kunde lesa framande mål.

52.

Har ikkje høyrte noko um at eigarane lånte bøkene ut til andre.

53.

Nei, bøkene finst ikkje no. Men enkja hans Lars Sandal vilde skriva til son hans Lars og høyra um han har teke boki med seg. Fører dette til noko, skal de få vita namnet på boki og kvar ho var prenta.